



Universitetet i Bergen Institutt for informatikk

UNIVERSITETET I BERGEN (UiB) er eit internasjonalt anerkjent forskingsuniversitet med over 14 000 studentar og vel 3500 tilsette ved seks fakultet og Universitetsmuseet. Universitetet er lokalisert midt i hjartet av Bergen. Det viktigaste bidraget universitetet gjev til samfunnet er framifrå grunnforskning og utdanning med ei stor fagleg breidd.

Forskar i boolske funksjonar - mellombels stilling

Ved Institutt for informatikk er det ledig ei mellombels stilling som forskar for ein periode på 3 år, som skal arbeide i The Reliable Communication Group med diskrete funksjonar. Stillinga er meint å starta opp i oktober 2014.

Vi søker ein forskar med kompetanse i boolske funksjonar, diskret matematikk og symmetrisk kryptografi. Dei viktigaste måla i dette prosjektet er boolske funksjonar med optimal resistens mot ulike kryptografiske angrep (differensial, lineær, algebrask o.l.) og deira applikasjonar i diskret matematikk (som kommutativ semifields, o-polynom, difference sets, dual hyperovals, regular graphs, m-sekvensar, kodar o.l.).

Saman med søknaden må kandidaten levere ei forskingsbeskriving (1-3 sider), der ein presenterer sine forskingsresultat og viser korleis den vil løyse ovannemnde faglege mål.

Kandidaten vert forventa å ha betydelege publikasjonar i diskrete funksjonar. Gode kommunikasjonsferdigheiter (inkludert engelsk språkkunnskap). Programmeringsferdigheiter og erfaring med programvarepakkar som MAGMA, er avgjerande.

Den som vert tilsett, vil arbeide med professor Tor Hellesest og professor Claude Carlet.

Søkjarar må ha oppnådd norsk doktorgrad i informatikk eller tilsvarande utanlandsk utdanning innan søknadsfristen.

Løn etter lønssteg 57 (kode 1109/LR 24.1) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga (lønssteg 57-65). For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

For ytterligare informasjon om stillinga ta kontakt med dr. Habil. Lilya Budaghyan på e-post: lilya.budaghyan@ii.uib.no

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarakgrunn. Personar med innvandrarakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvolterering i personalreglementet for vitenskaplege stillingar verte følgde.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å verte ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følge, skal søkjaren varslas om dette.

Send søknad, CV, attestar, vitnemål, ei forskingsbeskriving, vitenskaplege arbeid og ei liste over desse (publikasjonsliste) og dessutan 2-3 referansar (frå forskarar som kjenner kandidaten og hans/hennar arbeid) elektronisk ved å klikke på knappen merkt "SØK STILLINGA" på denne sida.

Du må laste opp sertifiserte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk av vedlegga, til dømes vitnemål og karakterutskrifter.

Søknader sende på e-post til enkeltpersonar ved instituttet, vert ikkje vurderte.

Søknadsfrist: 15. mai 2014

Merk søknaden: 2014/3053

